

# Velferdsklubben i Fitjar kommune

## VEDTEKTER

---

### § 1 Føremål

Klubben sitt namn er «Velferdsklubben i Fitjar kommune». Klubben sitt føremål er å fremja eit godt sosialt miljø mellom alle tilsette i Fitjar kommune ved å arrangera turar, festar, fritidsaktivitetar, kultur- og idrettsarrangement og liknande.

### § 2 Økonomi

Klubben skal vera politisk og økonomisk uavhengig. Den skal drivast med midlar som kjem inn ved tilskot frå Fitjar kommune og som eigenandel til arrangement. Klubben skal registrerast i Einingsregisteret i Brønnøysundregistra.

Det skal ikkje krevjast kontingenent frå medlemmene.

### § 3 Medlemsskap

Alle tilsette i Fitjar kommune er medlemmer i velferdsklubben. Med tilsette meinast alle faste tilsette og tilsette i midlertidige stillingar.

Statleg tilsette i NAV med naturleg arbeidsfellesskap med dei kommunalt tilsette i NAV er òg medlemmer.

Tilsette er medlem i velferdsklubben så lenge dei er tilsette i Fitjar kommune.

### § 4 Årsmøtet

Ordinære årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av februar etter skriftleg innkalling frå styret, 2 veker før møtet. Alle medlemmer har tale-, framleggs- og stemmerett i årsmøtet.

Ein må møte på årsmøte for å ha stemmerett.

Saker som skal handsamast på årsmøtet, må vera sendt skriftleg til styret seinast 3 veker før møtet.

#### På årsmøtet skal følgjande saker handsamast

1. Årsmelding og rekneskap
2. Budsjett/årsplan
3. Val av styre
4. Val av komitear og valnemnd
5. Val av revisor
6. Vedtektsendringar

Årsmøtet kan ikkje fatta vedtak i andre saker enn dei som er nemnt i innkallinga.

Ekstraordinært årsmøte blir halde når styret finn det nødvendig eller når minst 1/10 av medlemmene skriftleg krev det.

Alle årsmøtesaker blir avgjort med ordinært fleirtal av dei frammøtte med unntak av vedtak om oppløysing.

## § 5 Styret

Styret skal ha i alt ni medlemmer: Leiar, nestleiar, kasserar, sekretær og fem styremedlemmer. Styret sin funksjonstid er eit år.

Styret konstituerer seg sjølv, med unntak av leiar som blir vald for eit år av gongen.

## § 6 Revisor

Laget skal ha ein rekneskapskyndig revisor vald for eitt år om gongen.

## § 7 Informasjon

Styret skal gje medlemene informasjon om aktuelle saker som går føre seg i klubben sin regi. Nytilsette skal få utlevert desse vedtekten.

## § 8 Oppløysing

Oppløysing av klubben kan berre skje etter vedtak på årsmøtet med 2/3 fleirtal.

Vert klubben vedteke oppløyst, skal det setjast ned eit avviklingsstyre med tre medlemmer, eit medlem utnemnt av Fitjar kommune, og to andre valt av årsmøtet.

Avviklingsstyret skal laga liste over eidegar i klubben og gjera opp balanse med sikte på avvikling. Lista og balanse skal reviderast og oversendast alle medlemene og Fitjar kommune.

## § 9 Vedtektsendringar

Framlegg til endringar av vedtekten må ha 2/3 fleirtal på årsmøtet.